ADVOKAT
FELLESSKAPET

OHLDIECK
KRISTIANSEN
NØDTVEDT
HÅKONSEN

Adv. Kenneth Steffensen
c/o Adv.fa. Thommessen AS
Postboks 43 Nygårdstangen
5838 BERGEN

Bergen, den 17. februar 2014
E-mail: jan.ohldieck@advocat.no
Org.nr. 971 468 041 MVA – JO/TKK

**OVERSENDES UTEN FØLGESKRIV TIL ORIENTERING**

ADVOKAT
FELLESSKAPET
OHLDIECK
KRISTIANSEN
NØDTVEDT
HÅKONSEN

Voldgiftsretten
v/formann Martin Tenold
Gulating lagmannsrett
Postboks 7414
5020 BERGEN

Bergen, den 17.februar 2012
E-mail: jan.ohldieck@advocat.no
Org.nr. 971 468 041 MVA – JO/TKK

**STEVNING**

**TIL**

**VOLDGIFTSRETTEN**

oOo

**SAKSØKER:** Stiftelsen Bergens Katedralskole, Postboks 414, 5828 Bergen.
**PROSESSFULLMEKTIG:** Adv. Jan Ohldieck, Lille Markevei 18, 5005 Bergen.

**SAKSØKT:** Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen.
**PROSESSFULLMEKTIG:** Adv.fa. Thommessen AS, v/adv. Kenneth Steffensen
Postboks 43, Nygårdstangen, 5838 Bergen.

oOo

**SAKEN GJELDER DISPONERING AV DELER AV EIENDOMMEN KONG OSCARSGT. 36.**

Tvisten gjelder parkeringsordning for privatbiler.

Stiftelsen Bergen Katedralskole er en egen juridisk person og således ikke underlagt administrative beslutninger ra Fylkeskommunens side.

I dette ligger at Hordaland fylkeskommune ikke kan disponere over eiendommen.

Sentralt i saken er en avtale som ble inngått i 1980.

En vedlegger som bevis:

**BILAG 1:** Avtale mellom Hordaland Fylkeskommune og Stiftelsen Bergen Katedralskole tinglyst 15.10.1981 med vedlegg kart over området.

Saksøker henviser særlig til avtalens pkt.C, hvoretter Hordaland Fylkeskommune har vederlagsfri disposisjonsrett til grunneiendommen Kong Oscarsgt. 36 så lenge Fylkeskommunen vil benytte eiendommen *til opplærings- og utdanningsformål.*

Stiftelsen Bergen Katedralskole skal likevel ha rett til å uttale seg på forhånd om nybygg, ombygging eller større reparasjonsarbeider som Fylkeskommunen vil gjennomføre på eiendommen.

Den faktiske situasjonen her er at skolen har ca. 20 parkeringsplasser fordelt på 2 steder i henholdsvis 6 i Heggebakken og 14 i Kong Oscarsgt. 36.

Den faktiske situasjonen er at Hordaland Fylkeskommune eier grunnen i Heggebakken 2, mens Stiftelsen Bergen Katedralskole eier grunnen i Kong Oscarsgt. 36.

Hordaland fylkeskommune har krevd parkeringsordning gjennomført også for parkeringsplassen i Kong Oscarsgt. 36.

Stiftelsen Bergen Katedralskole har hevdet at Fylkeskommunen ikke har vederlagsfri disposisjonsrett til parkeringsplassene i Kong Oscarsgt. 36, da parkering ikke er å betrakte som "*opplærings- og utdanningsformål*".

Saksøker har videre inntatt det standpunkt at Fylkeskommunen subsidiært ikke har anledning til fremleie av parkeringsplasser til tredje part i henhold til denne avtale. Det er Stiftelsens holdning at inntekter av stiftelsens eiendommer skal i henhold til Stiftelsens statutter gå tilbake til Stiftelsens formål.

Det vedlegges som bevis

**BILAG 2:** Statutter for Stiftinga Bergen Katedralskole.

Det forhold at tvisten går til voldgift er inntatt i avtalens pkt. H, dog slik at partene er enige om at en har overlatt dette til enevoldgiftsdommer.

Saksøker har tidlig gjort oppmerksom på sin tolkning til Hordaland Fylkeskommune, og en vedlegger som bevis

**BILAG 3:** Brev fra Bergen Katedralskole til Fylkesrådmannen i Hordaland Fylkeskommune av 7.2.2013.

Problemet i saken er således tolkning av avtalen slik den foreligger.

Saksøker legger til grunn at også Fylkeskommunen har ansett at Bergen Katedralskole er i en noe spesiell situasjon i og med at det foreligger en avtale av 1981 som er tinglyst, og som da angår deling og disponering av skolens eiendommer.

Det fremgår av denne avtalen at det er Stiftelsen Bergen Katedralskole som eier de eiendommene som fremgår av ovennevnte avtale pkt. A.

Når det gjelder pkt. C, som er tvistetema i nærværende sak, er partene enige om at Fylkeskommunen har vederlagsfri disposisjonsrett til grunneiendommen i Kong Oscarsgt. 36 når Fylkeskommunen *"vil nytte eigdedomen til opplærings- og utdanningsføremål."*.

Saksøker presiserer at dette er en avtale som er inngått før den aktuelle problemstilling var fremme, nemlig parkeringsording på skolens eiendom.

Det rettslige standpunkt fra saksøker er at det er åpenbart at formuleringen, begrunnelsen for parkering, er at parkering ikke kan anses som ledd i opplærings- og utdanningsformål.

Saksøker legger videre til grunn at det heller ikke kan innfortolkes intensjonen bak avtalen, og saksøkers standpunkt er at dersom Stiftelsen Bergen Katedralskole skal avgi parkeringsplasser til Fylkeskommunen, må dette skje i ny etterfølgende avtale hvor partene er kommet frem til enighet.

Den nåværende korrespondanse og avtale tilfredsstiller ikke dette.

Saksøkte har så vidt en vet inntatt et annet standpunkt, og en vedlegger som bevis

**BILAG 4:** Brev av 7.11.2013.

I henhold til avtale er lagmann Martin Tenold oppnevnt som enevoldgiftsdommer, hvilket han har akseptert.

En forutsetter at det skal innleveres 2 innlegg fra hver side, samt at det eventuelt, hvis partene ikke blir enige om annet, skal avholdes muntlig forhandling. Det vil i tilfelle da bli aktuelt med befaring.

Det nedlegges slik

## **p å s t a n d:**

1. Hordaland Fylkeskommune er uberettiget til å vedta ny parkeringsordning for privatbiler ved Stiftelsen Bergen Katedralskoles eiendom, Kong Oscarsgt. 36.

2. Hordaland Fylkeskommune tilpliktes å betale sakens omkostninger.

Stevning i 3 – tre – eksemplarer, hvorav 1 er oversendt til adv. Steffensen.

Bergen, den 17.februar 2014

Jan Ohldieck
-adv-

ADVOKATER I KONTORFELLESSKAP
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING
LILLE MARKEVEI 18, 5005 BERGEN · TELEFON 55 36 42 00 · TELEFAX 55 36 42 01

Bilag til VEDLEGG B

DAGBOKFØRT

15.OKT81 23790

BYSKRIVEREN I BERGEN

AVTALE MELLOM HORDALAND FYLKESKOMMUNE PÅ DEN EINE SIDA OG STIFTINGA BERGEN KATEDRALSKOLE PÅ DEN ANDRE SIDA OM DELING OG DISPONERING AV SKULEN SINE EIGEDOMAR OG EIGNELUTAR.

---

A. Stiftinga Bergen katedralskole har eigedomsretten til:

1. Grunneigedomen (tomt utan bygningar) Kong Oscarsgt. 36.
2. Grunneigedomen Bispenggt. 21 med rektorbustad.
3. Inventar av museal karakter.
4. Den gamle historiske boksamlinga.
5. Legat og kapitalfond.

B. Hordaland fylkeskommune har eigedomsretten til:

1. Den gamle hovudbygningen.
2. Nybygget langs Heggebakken. } KONG OSCARSGT. 36
3. Det nye gymnastikkanlegget.
4. Alt inventar og utstyr i skuleanlegget som ikkje har museal karakter.

C. Hordaland fylkeskommune har vederlagsfri disposisjonsrett til grunneigedomen Kong Oscarsgt. 36 så lenge fylkeskommunen vil nytta eigedomen til opplærings-og utdanningsføremål. Stiftinga Bergen katedralskole skal likevel ha rett til å uttale seg på førehand om nybygg, ombygging eller større vølingsarbeid som fylkeskommunen vil gjennomføra på eigedomen (jfr. protokolltilførsle).

D. Om Hordaland fylkeskommune vedtek å slutta med å nytta eigedomen Kong Oscarsgt. 36 til opplærings-og utdanningsføremål, skal Stiftinga Bergen katedralskole ha rett til å kjøpa fylkeskommunen sine bygningar med inventar og utstyr til ein pris som vert å fastsetja ved offentleg takst. Men likevel slik at stiftinga har rett til å overta den gamle hovudbygningen (jfr. B 1) med frådrag for det stiftinga har investert i denne. Dette gjeld ikkje dersom fylkeskommunen har erstatta den gamle hovudbygningen med ein ny bygning på den same tomta. Dersom den gamle hovudbygningen skulle verta øydelagt av brann, eller på annan måte, og det av fylkeskommunen ikkje vert sett opp ny bygning, skal det takast opp tingingar om vederlag til stiftinga. Likeins i samband med tvangsinngrep, som ekspropriasjon og liknande.

E. Om Stiftinga Bergen katedralskole ikkje gjer gjeldande sin forkjøpsrett til bygningane med inventar og utstyr etter pkt. D, kan Hordaland fylkeskommune ha bygningane (jfr. B 2 og 3) ståande på grunneigedomen Kong Oscarsgt. 36, etter nærare avtale med stiftinga, mot at dei vert nytta til føremål som stiftinga kan godkjenne.

Rett kopi bekreftes
STATENS KARTVERK

F. Hordaland fylkeskommune tek på seg å betala attende til Stiftinga Bergen katedralskole innskotet i gymnastikkanlegget, kr. 515.000,-. Summen vert betalt attende over 10 år med årlege avdrag på kr.51.500,-. Første avdrag skal betalast i 1981. Det skal ikkje betalast renter i 10-årsbolken.

G. Hordaland fylkeskommune har i framtida som ein skyldnad andsynes stiftinga å stø stiftinga i arbeidet med å verna og standardheva den gamle historiske boksamlinga, som no er deponert på Universitetsbiblioteket.

H. Dersom det ved seinare tingingar oppstår vanskar med tolking a denne avtalen kan det nemnast opp ei skilsdomsnemnd med 3 medlemar - eit medlem frå kvar av partane og eit nøytralt medlem, som vert å oppnemna av byrettsjustitiarius i Bergen.

I. Stiftinga syter for tinglysing av avtalen.

Bergen, den 23. desember 1980.

For Hordaland fylkeskommune:

Alf J.Bauge

Steinar Sælen

For styret for Stiftinga Bergen katedralskole:

David W.Lysne

Nils Monstad

Øystein Falch

Protokolltilførsle:

Fylkeskommunen har som skyldnad å halda skulebygningane i same gode stand som for andre vidaregåande skolar i fylket, slik at skulen har like gode vilkår som før delinga av eigedomen mellom fylkeskommunen og stiftinga. Sameleis at fylkeskommunen aktar på verneinteressene for den gamle hovudbygningen.

tingl.anm.:

Avtalen er kun anmerket på Kong Oscarsgt. 36

Bergen 29.juni 1981: Tilføying i pkt. H. i avtalen er gjort i samsvar med Hordaland fylkesting sitt vedtak nr.23/81.

Etter fullmakt

E. Ellingsen

Gro Vik Fagerheim

STATENS KARTVERK

Tittel: www.kart.ivest.no

HORDALAND FYLKESKOMMUNE




## Teiknforklaring

Adressepunkt
- Gateadresse
- Matrikkeladresse

Eigedomsgrense

Veglinje
- Avgrensing annet vegareal
- Fortauskant
- Ytre fortauskant
- Gang-Sykkelvegkant
- Lysløype
- Sti
- Traktorveg
- Ukjent

Byggning
- Udefinert bygg
- Bolig
- Fritidsbolig
- Garasje og uthus
- Annen næring
- Fiskeri og landbruk

Anlegg
- Bauta eller statue
- Bru
- Brønn
- Dam
- Elveforbygning
- Elveterskel
- Flytebrygge
- Frittstående trapp
- Fundament
- Kai eller brygge
- Molo
- Pipe

1: 500

Notat

0,0 0 Avstand / 0,0 Kilometers

Kartet skal ikkje brukast til navigasjon. Publisering av kartet er ikkje tillate utan løyve frå eigar av data (Norge Digitalt).

BERGEN KATEDRALSKOLE

~~Vedlegg C~~ Bilag 2

STATUTTAR FOR STIFTINGA BERGEN KATEDRALSKOLE.

§ 1. Opphav og grunnlag. Tradisjon og status.

Bergen Katedralskole - Schola Bergensis - vart stifta av domkapitlet under bispesetet i Bergen, som vart oppretta i 1152. 1153 vart rekna som stiftingsår. Drifta av skolen vart gjennom middelalderen og den katolske tida sikra gjennom domkapitlet sine eigedomar og inntekter, ved elevane si godkjende tigging og løn for songtenester, ved gåver og fleire andre særeigne inntekter.

Det økonomiske grunnlaget for Bergen Katedralskole som sjølvstendig institusjon var det benefiserte jordegodset som ved distributio i tida etter reformasjonen vart knytt til skolen. Skolen eigde (først gjennom lectoratet og rectoratet) heilt eller delvis - eller hadde inntekter av - nærare 300 eigedomar (jordeigedomar og eigedomar i byen).

Salet av jordegodset - i tillegg til testamentariske og andre gåver - låg i det 18. og 19. hundreåret grunnlaget for skolen sine realverdiar (grunn og bygningar med innbu, bibliotek og andre undervisningsmiddel og pengemidlar). Særskilte legat har også vorte knytt til skolen.

Slik har Bergen Katedralskole vore sjølvstendig rettssubjekt og sjølvfinansierande institusjon gjennom mange hundreår. Først i det 20. hundreåret har staten, Bergen kommune og Hordaland fylke gjeve investerings- og driftstilskott.

Bergen Katedralskole sine eigedomar og midlar har heile tida vore nytta til å driva skole (jfr. Bergens Kathedralskoles historie av A.E. Erichsen, Bergens eldste skole, Katedralskolen 800 år v/Johan Steen og Bergens Katedralskoles jordegods og øvrige kapital av Johan Steen).

§ 2. Føremål.

Stiftinga sitt føremål er å halda oppe Bergen Katedralskole som institusjon. I samsvar med institusjonen sin tradisjon og status gjennom alle hundreår skal stiftinga sine eigedomar og midlar brukast til opplærings- og utdaningsføremål.

Stiftinga har ikkje som føremål sjølv å driva skole, men har forvaltingsretten til dei aktiva i Bergen Katedralskole som stiftinga eig.

§ 3. Eigedomar.

Stiftinga Bergen Katedralskole har følgjande eigedomar og midlar:

A. Faste eigedomar (realverdiar).

Eigedomen Kong Oscarsgt. 36 – i samsvar med skøyte tinglese 2. 3. 1847 og målebrev 26. 8. 1968 (grunnbokført). Ein ideell del av skoleanlegget med inventar og utstyr.

Eigedomen Bispenggt. 21 med rektorbustad – i samsvar med kartforretning 5. 2. 1902, tinglese 7. 7. 1908 (grunnbokført).

Skolens historiske boksamling på omlag 10.000 bind.

Samla fullverdiforsikringssum i 1979 – kr. 27.270.800.

B. Pengemedel (pr. 15. 12. 1969). Tidlegare fonds.

| | |
|---|---|
| Lån til Bergen Kommune (i samsvar med oversendingsdokument d.s. 13. 12. 1969) | kr. 515.141,51 |
| Lån til – Bergens Katedralskoles elevers hus, Katteli – | " 45.718,75 |
| | kr. 560.860,26 |

C. Legat (pr. 31. 12. 1978).

I. Legat til bate for lærarar, elevar og tidlegare elevar (studentar) ved Bergen Katedralskole – som vert forvalta av skolen.

| | | |
|---|---|---|
| a. | Stipendiefondet av 1918 for Bergens Katedralskoles lærere | kr. 79.304,54 |
| b. | Adjunkt Johan Nielsens legat | " 33.539,04 |
| c. | Konsul Joachim Frieles legat | " 28.240,93 |
| d. | Rektor Bugges legat | " 2.645,91 |
| e. | Winds m/fleres legat | " 3.410,83 |
| f. | Harloff Larsens legat | " 2.406,65 |
| g. | Rektor Henriksens legat | " 10.375,10 |
| | Samla legatsum | kr. 159.923,01 |

II. Legat til bate for elevar eller tidlegare elevar ved Bergen Katedralskole, som vert forvalta av eigne legatforstandarar, e.a. organ/institusjonar.

| | | |
|---|---|---|
| a. | Overlærer Jacob Bruuns studielegat | kr. 25.215,43 |
| b. | Professor og Rektor F.C.H. Arentz's Minde ("Det Omsenske legat") | " 12.241,45 |
| Samla legatsum | | kr. 37.456,88 |

III. Legat som er knytte til Bergen Katedralskole, anten ved at elevar eller tidlegare elevar (studentar) ved Bergen Katedralskole kan tildelast stiperd, eller/og gjennom forvaltningsfunksjonen, eller på annan måte.

| | | |
|---|---|---|
| a. | Overlærer Henrik August Meyers legat | kr. 74.203,54 |
| b. | Professor og Rektor F.C.H. Arentz's Minde | " 5.292,19 |
| c. | Harald Meltzer og hustrus legat | " 30.716,62 |
| d. | Kansler Friis donasjon | " 5.740,74 |
| Samla legatsum | | kr. 115.953,09 |

§ 4. Styre for stiftinga.

Styret for stiftinga skal ha tre representantar med personlege vararepresentantar. Representantane kan ikkje vera over 70 år.

1 representant frå lærarrådet, eller valt av lærarrådet ved skolen,

1 representant oppnemnd av Bjørgvin stiftsdireksjon og

Rektor ved skolen (rektor sin personlege vararepresentant er undervisningsinspektør I).

Styret vert valt for 4 år om gongen.

Styret konstituerer seg sjølv.

§ 5. Forvalting.

Stiftinga sine midlar vert plasserte slik det til kvar tid er bestemt for offentlege stiftingar og legat - og slik at det best tener stiftinga sitt føremål og stiftinga sine tradisjonar.

For dei fleste legata gjeld eigne statuttar eller fundats.

Den kontante delen av stiftinga sin medel skal vera urørleg.

Avkastinga av pengemedelen og inntektene av eigedomane vert nytta slik styret bestemmer - etter framlegg frå rektor - til å auka pengemedelen og /eller til faglege, pedagogiske eller sosiale føremål for Bergen Katedralskole. Som hovudregel bør minst 1/10 av avkastinga leggjast til medelen.

Dersom midlane vert nytta til stipend, skal desse helst gjevast til fast tilsett undervisningspersonale, som har arbeidd ved skolen i minst 5 år. Dei som får stipend, må leggja fram rapport om bruken. Frist for søknad - til styret for stiftinga - er 31. januar.

§ 6. Rekneskap og kontroll.

Styret for stiftinga tilset rekneskapsførar og fastset godtgjerdsla, som vert lagd fram for Bjørgvin Stiftsdireksjon og Sosialdepartementet til godkjenning. For stiftinga gjeld den kontroll og rekneskapsrevisjon som til kvar tid er fastsett for offentlege stiftingar.

Rekneskapen vert kvart år innan utgangen av februar send gjennom Legatinspeksjonen i Bergen og Bjørgvin stiftsdireksjon til Sosialdepartementet til revisjon og desisjon.

§ 7. Endringar av statuttane.

Endringar i desse statuttane kan berre skje etter framlegg frå styret eller etter pålegg, med heimel i lovendringar, og med godkjenning av Sosialdepartementet.

BERGEN KATEDRALSKOLE, 21. 2. 1980.

| | | |
|---|---|---|
| Nils Monstad, domprost. | David R. Lyngne, rektor | Øystein Falch, lektor. |

Bilag 3

BERGEN KATEDRALSKOLE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmann i Hordaland Fylkeskommune

Kopi:
Personalseksjonen/Forhandlingssjef Johan J. Meyer
Rektorer fylkeskommunale vgs/Sentrum

Bergen, den 7. februar 2013

**Sak: Vedtak om ny parkeringsordning på videregående skoler i Bergen sentrum**

Det vises til brev fra fungerende fylkesrådmann Jonny Stiansen datert 31. januar vedrørende Fylkestingets vedtak om ny parkeringsordning ved de fylkeskommunale videregående skolene i Bergen sentrum.

Regionsleder Anne de Lange anmodet på vegne av rektorene ved de berørte skolene om et møte med rette myndighet for å drøfte en del vesentlige forhold med betydning for vedtaket. Jeg kan ikke se at det så langt er kommet noen reaksjon på denne anmodning utover o.n. brev fra fungerende fylkesrådmann.

Et av de forhold Bergen Katedralskole ønsket å ta opp i forbindelse med nyordningen, er at tomten i Kong Oscarsgate 36 ikke er eid av fylkeskommunen, men av Stiftinga Bergen Katedralskole. For informasjon vedlegges «Statuttar for stiftinga Bergen Katedralskole» og det henvises spesielt til §3 «Eigedomar» og § 5 »Forvaltning», hvor hhv eiendomsforhold og regler for avkastning av eiendommer fremgår.

For Bergen Katedralskole handler saken om ca. 20 parkeringsplasser som i dag betjener vel 80 ansatte fordelt på to skift fra kl 0700 til kl 2100. Dette organiseres gjennom en administrativt enkel og fleksibel ordning, og vedtaket betyr i så måte at et velfungerende gode går tapt for de ansatte. Med dagens beskaffenhet på disse parkeringsplassene og en månedlig avgift på kr 750, er det vel tvilsomt om interessen vil være stor for det nye tilbudet.

Med de foreliggende eiendomsforhold og forvaltningbegrensinger, mener ledelsen på Bergen Katedralskole at korrekte parter i forbindelse med ny parkeringsordning må være Fylkesrådmann og Stiftelsen Bergen Katedralskole. Det anmodes derfor om et møte med rette vedkommende for å komme til en avtale vedrørende de spesielle forhold som er nevnt over.

Med vennlig hilsen for
Bergen Katedralskole

Bjørn Kr Jæger
Rektor

Vedlegg:
Statutter for Stiftinga Bergen Katedralskole

Postadresse:
Postboks 414
5828 BERGEN

Besøksadresse:
Kong Oscarsgate 36

Telefon:
55 33 82 00
Telefax:
55 33 82 01

E-post:

Hjemmeside:
bks.hfk.no

nistrerer ordninga. Finansieringa er delt med 1/3 på arbeidstakar- og 2/3 på arbeidsgjevarsida. Fylkeskommunen (arbeidsgjevar) sin del av kostnaden er rekna å utgjera om lag 2,1 mill. kr.

Det er ført opp tilskot på 1 mill. kr til Vest Noregs Brusselkontor.

Til representasjon og gåver er det ført opp 0,95 mill. kr. Innanfor denne summen er det meininga at ein også skal finne rom for passande gåver når skolar og institusjonar markerer jubileum.

Til bedriftsidrettslaget Hordane er det budsjettert med tilskot på kr 75 000.

Det er ført opp ein negativ sum på 5 mill. kr som eit sparekrav for fylkesadministrasjonen. Ein del av dette vil ein kunne spare inn ved vakansar som oppstår gjennom året.

**Leiarutvikling og personalopplæring**
Det er budsjettert med 1,5 mill. kr til leiarutvikling og 1,2 mill. kr til personalopplæring.

Til organisasjonsutvikling er det ført opp 1,1 mill. kr.

**Aktiv Kvardag**
Hordaland fylkeskommune sin arbeidsgivarpolitikk, der inkluderande arbeidsliv (IA) og livsfaseorientert personalpolitikk er viktige element, gjev retning for ei satsing på førebygging av skadar og sjukdom. Tiltaket Aktiv Kvardag løyver midlar til motivasjons- og gruppetiltak som kan ha førebyggande effekt på helseplagar. Dette er tiltak som kostar lite, men som har stor effekt. Løyvinga til føremålet er 0,5 mill. kr i 2013.

**Velferd for tilsette**
Det er ført opp kr 537.000 til velferdspengar for tilsette, som utgjer ca. kr 130 pr. arbeidstakar.

*Kantinetilskot*
Kantinetilskotet er budsjettert med kr 761.000.

**Velferdsbygg**
Fylkeskommunen har to eldre bustader som dei tilsette kan disponere på Fløksand og Gjerskvål (Voss). Det vert budsjettert med brutto utgifter på kr 160.000 og inntekter på kr 25.000.

**Tillitsvalde**
For tillitsvalde er det budsjettert med 8,9 årsverk.

# 421 Eigedomsforvaltning

Denne funksjonen omfattar eigedomsseksjonen, forsikring av bygningar og kartlegging av bygningsmassen.

Eigedomsseksjonen er ein seksjon under økonomiavdelinga. Det er budsjettert med 28,3 årsverk i 2013.

Som eit tiltak i Handlefridom II er det foreslått at deler av lønsutgiftene for medarbeidarar som hovudsakleg arbeider med investeringsprosjekt bør belastast investeringsbudsjettet. I tråd med dette er det ført opp ein "refusjon" på 3 mill. kr. Denne utgifta vil bli overvelta til investeringsrekneskapen og aksjeselskap som vert administrerte av fylkeskommunen.

Til arbeidet med å kartlegge bygningsmassen er ført opp vel 1,5 mill. kr.

Forsikring av bygningar, er budsjettert med 2,6 mill. kr, ein reduksjon på 0,15 mill. i høve til 2012.

# 430 Administrasjonslokale

Utgiftene omfattar fylkeshuset i Agnes Mowinckels gt. og leigde areal i Wigandgården og Aasegården.

Ein budsjetterer i 2013 med brutto utgifter på 21,5 mill. kr og inntekter på 2,5 mill. kr. Nettoutgifta går ned med 1 mill. kr i høve til 2012. Budsjetterte leigeinntekter er auka noko i høve til budsjettet for 2012.

Det vert rådd til å auke betalinga for parkeringsplass for tilsette frå kr 400 til kr 500 pr. månad.

Fylkesrådmannen tek elles sikte på å innføre ei generell betalingsordning for bruk av fylkeskommunale parkeringsplassar der dei lokale tilhøva i nærområdet viser at trafikken til og frå fylkeskommunale bygg bør regulerast. Det er mest trong for dette på område der ein stadig opplever feilparkeringar fordi alle parkeringsplassar er opptekne.

I dag er det leigeavgift knytt til parkeringsplassar ved Bergen maritime videregående skole.

Fylkesrådmannen vil i denne omgang utvide omfanget av avgiftsbelagde parkeringsplassar til å omfatte plassane ved Bergen tekniske fagskole, Bergen katedralskole, Bergens handelsgymnasium, Tanks og Bjørgvin vidaregåande skolar. Dette utgjer om lag 70 plassar. Desse plassane skal merkast særskilt og tildelast faste leigetakarar.

***Fylkestinget***
Fylkestinget vedtok å auke budsjettert inntekt frå parkering med kr 720 000. Betalinga for parkeringsplass for tilsette blir dermed kr 1 000 pr. månad.

Bilag 4

THOMMESSEN

Advokat Jan Ohldieck
Lille Markevei 18
5005 Bergen

Vår referanse: 7092294/1
Ansvarlig advokat: Kenneth Steffensen

Bergen, 7. november 2013

**VEDRØRENDE DISPONERING AV EIENDOMMEN (KONG OSCARSGT.36) – BERGEN KATEDRALSKOLE**

Det vises til tidligere korrespondanse med Hordaland Fylkeskommune (Fylkeskommunen) og til kontakt pr telefon i anledning ovennevnte. Vi har som nevnt blitt bedt om bistå Fylkeskommunen i anledning tvisten.

Vi har forstått det slik at Stiftelsen Bergen Katedral Skole (Stiftelsen) bestrider Fylkeskommunens adgang til å vedta en ny parkeringsordning for privatbiler ved Bergen Katedralskole, på eiendommen Kong Oscarsgt 36 ("eiendommen").

Vi kan ikke se at det foreligger noe holdbart rettslig grunnlag for å bestride innføringen av parkeringsordningen på eiendommen. Ordningen gjelder regulering med innføring av avgiftsbetaling for parkering på eiendommen som benyttes av skolens ansatte, og ligger klart innenfor den fulle disposisjonsrett som tilligger Hordaland Fylkeskommune etter avtale ("avtalen") av 23. desember 1980, punkt C. Vi kan således ikke se at den vedtatte parkeringsordningen på noen måte ligger utenfor "opplærings- og utdanningsformål", jf avtalen punkt C. Man vil komme tilbake med en mer utførlig gjennomgang av sakens faktiske og rettslige sider i forbindelse med voldgiftsbehandlingen.

Det er enighet om at tvisten skal avgjøres ved voldgift, jf avtalen bokstav H. Som nevnt pr telefon kan Hordaland Fylkeskommune, for denne tvistens vedkommende, akseptere at voldgiftsretten settes med èn voldgiftsdommer forutsatt at partene skriftlig blir enige om oppnevnelsen av voldgiftsdommeren. Blir partene ikke enige, er forutsetningen at man faller tilbake på reguleringen og fremgangsmåten i avtalen punkt H.

Vi ber om tilbakemelding på at dette aksepteres av Stiftelsen, og at Stiftelsen fremkommer med forslag til voldgiftsdommer til Fylkeskommunens vurdering. Det nærmere opplegg for saksforberedelse, med frist for inngivelse av stevning og tilsvar, og tidspunkt for voldgiftsforhandlingene, utstår til voldgiftsretten er etablert.

Med vennlig hilsen
Advokatfirmaet Thommessen AS

Kenneth Steffensen
Advokat